



---

# Notat

---

Til: Tommy Veland

Kopi til: Anngunn Marie Gullbrå

Saksbehandler: Plan og byggesak/Anne Lise Molvik  
Vår referanse: 21/10311 - 2 / GBNR-185/127, FA-L42  
Dato: 15.12.2021

---

Emne: Vedkomande krav om endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 185/127 Isdal

Vi viser til førespurnad om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen for bustadhus på gbnr 185/127 frå kode 112 til kode 111.

Eigar opplyser at eigedomen har fått kode 112 ved ein feil, og at det ikkje har vore søkt om fleire bueiningar i bustaden.

Av kommunen sitt arkiv går det fram at bustaden er godkjend som einebustad i 1975. Teikningane viser ei bueining. Vi kan ikkje sjå at det er gjort endringar på bustaden på eit seinare tidspunkt som skulle medføra ny bygningskode.

Kravet om retting vert oversend Kart og oppmåling for retting i matrikkelen.

Vi ber om at Stab og støtte får melding når endringa er gjennomført for retting av gebyr og eventuelt tilbakebetaling.